



NR. 2

FEBRUAR 1983

16. ÅRG.

KYRKJELYDSVEKE I ARNA



foto: Dagen

I samband med kyrkjelydsveka i Arna vert Rune Larsen saman med Kim og Line med på «Heile kyrkjelyden syng» i Arna kyrkje søndag 13.3.

Sjå side 6.

VEDLEGG: FASTEBØSSER TIL ALLE

VI VENTAR JESUS SOM FRELSAR

Verda er ikkje berre lett. Det er stor arbeidsløyse rundt oss. Vi les om ran og vald, drap og svindel, atomtrusselen heng over oss, og forskarar arbeider på spreng for å utvikla nye og meir effektive ødeleggingsvåpen. Og rundt oss svelt våre medmenneske. Det å vera mett er ei kjensle berre ein brøkdel av dei som bur på jorda har hatt. Og god mat får til spille for å heva prisane og auka levekåra for dei få. Ofte har eg tenkt: Kor lenge vil dette vare? Og like ofte har eg stått utan svar.

Paulus sine ord til Filiparane seier ikkje kor lenge vi må tola det, men dei seier noko langt meir: «Men vi har vår borgarrett i himmelen, og derifrå ventar vi Herren Jesus Kristus som Frelsar». Derifrå ventar vi Han. Fredfyrsten skal koma og ta oss til seg, så skal vi alltid vera med Han. Trøysta då kvarandre med dette, sa Paulus. Han kjem, han som døydde for vår synd. Han kjem, som sa at det vi har gjort mot ein av hans minste, det har vi gjort imot Han sjølv. Han kjem, som lovar evig liv til kvar som trur og tek imot.

Og før han kjem, er han her og vil verka sitt evangelium til frelsa og utfriing gjennom si kyrkja. Berre i hans kraft kan kyrkja lukkast i det arbeidet. Måtte så han få ta hand om oss, så vi kan verka til hans æra, og vera ventande til hans koma.

Bjarte Leine

TIL ALLE SOM ER 4 ÅR I ARNA



Søndag 20. februar vert det familiegudsteneste i Arna kyrkje kl.11, med utdeling av «Mi kyrkjebok» til born som er døypte i 1979.

Vi inviterer her særskilt dei 4-åringane som har flytta til Arna, og som vi difor ikkje når med personleg innbyding. Heile familien er velkommen! Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi i Arna bedehus, der 4-åringane er hovedpersonar.

Kvinnenes inter- nasjonale bønedag



I år er det fredag 4. mars. Emnet for bønedagen dette året er «Ein ny skapning i Kristus». Oppfordringa til bøn kjem frå kvinner i landa rundt Det karibiske hav.

I Arna vert det samling i Arna bedehus kl. 18.00, der alle er hjarteleg velkomne.

Tidlegare misjonær Reidun Ljones talar.

Som vanleg vert det offer til Bibelmisjonen.



Bruk fastebøssene!

Kirkens Nødhjelp driv hjelpearbeid i Afrika, Asia og Latin-Amerika. Arbeidet varierar frå katastrofehjelp mellom menneske i livsfare til langsiktige utviklingsprosjekt for å betra livsmiljøet i eit lokalsamfunn. Mykje av dette arbeidet vert gjort ved hjelp av innsamla midlar. Fasteaksjonen «Brød for verda» i tida før påske er ein viktig del av innsamlinga.

Det er ikkje alltid dei store pengesummane som skal til for å hjelpe. For kr. 1,50 pr. dag kan ein livberge eit menneske i ein katastrofesituasjon. 500 kr. er nok til eit landsbyhus i India. I Sør-Sudan kostar det 25.000 kr. å gje ca 1000 menneske reint vatn.

Fasteaksjonen er ei utfordring framh. s. 9

FASTEGUDSTENESTER

Også dette året innbyr vi til kveldsgudstenester i fastetida. Det er desse onsdagane:

23.02.:

Ytre Arna kl. 19.00. Sokneprest Øy. Nattverd.

2.3.:

Ytre Arna kl. 19.00. Res.kap. Sundsbø.

9.3.:

Arna kl. 19.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

Takvam kl. 19.00. Sokneprest Øy. Nattverd.

16.3.:

Arna kl. 19.00. Sokneprest Øy. Nattverd.

Romslo kl. 19.30 (Hjá Brita Romslo). Res.kap. Sundsbø.

Vaktmeistar for eldre og uføre

Arna distriktssosialkontor har ansett ambulerande vaktmeistar for eldre og uføre i Arna. Han påtek seg mellom anna fylgjande oppdrag:

Små reparasjonar, f.eks. skifting av låsar og Jørvidarar, staking/reising av vaskar og klosett, skifting av kranar og pakningar, innsetting av enkelte glasruter, tetting/retting av vindauger og dørar, enklare malings- og snikkararbeid, reise parafinbrennarar, fylle parafin/olje, snømåking og grasklipping.

For nærare opplysningar, ring heimhjelpsavdelinga ved Arna distriktssosialkontor, telefon 24 07 00.



Misjonsglimt

På evangeliseringstur
i Bolivia

Stiv kuling og flere kuldegrader. Bunnfrossen kaffekjele og to soveposer pr. mann mot trekken. Også slik kan forholdene være for norske misjonærer på misjonsmarken.

Stemningsrapporten er hentet fra gruvelandsbyen Chiri-Pasqua som ligger like oppunder en fjelltopp på 5000 meter i Andesfjellene i Bolivia. Folk karrer seg fast her for å arbeide i gruvene. Men livet kan være kummerlig. Ett kaldt rom står til disposisjon for hver familie.

Norske misjonærer har holdt møter i denne gruvelandsbyen. Men turene hit opp kan bli heller kalde. Mens vi i Norge hadde deilig sommer i juni, opplevde Bolivia sin kaldeste vinter på 28 år.

—Vi måtte bruke to soveposer hver, forteller Bernt Egil Strømme i Misjonssambandet. —Det holdt ikke med en, selv om den norske fabrikanten hadde garantert posen for mange kuldegrader. Også med to soveposer hver merket vi den kalde trekken som for over sementgulvet fra åpningen under døra. For å være sikre hadde vi tappet vannet av motoren på jeepen. Natten før sprengte frosten to motorblokker i fillebiter, sier han.

Men folk kom på møtene. 30-40 stykker av gruvearbeiderne og deres familier var samlet denne gangen, fra spebarn til mennesker i moden alder. Og kanskje fikk de tak i et nytt håp - et håp som kunne gi den meing i deres hverdag og over framtiden.

Når kan vi ha dåp?

Vi har skriv om dette før, men det kan være nyttig å nemne det att. I Arna kyrkje gjeld no den ordninga at vi har dåp dei søndagane det ikkje er nattverd. Av praktiske grunnar har vi sett talet på dåpsborn i kvar gudsteneste til seks born. Vi har så lite dåpssakresti i Arna, at det er vanskeleg å få plass til fleire samtundes.

Det har og vorte vanleg at dei som skal ha dåp, ringjer og avtalar dag i god tid på forhand. Eit par veker før dåpen skal vere møter foreldre til dåpssamtale på kyrkjekontoret. Vi har praktisert denne ordninga i omlag 1 1/2 år og det ser ut til å fungere fint for alle partar.

Ø

Møteveka på Betania — Lone

frå 15. -20. mars

Talar: Reisesekr. Sverre Vågen.

15/3: deltek Betania musikkor.

18/3: deltek Betania musikkor Ytre Arna, kollekt.

Arr.: Norges Samemisjon

FAMILIEGUDSTENESTE

Familiegudstenestene samlar mange i begge kyrkjene. Ofte er kyrkjene fullsette dei dagane. vi minner om at det er familiegudsteneest både i Arna og Ytre Arna kyrkje:

SUNDAG 20. FEBRUAR

KYRKJEMUSIKK



TAKK

Frå Arna Helseheim

Andre søndag i advent skipa Musikklaget Janus, Haukeland songlag og Unnelandskoret til julekonsert i Arna kyrkje. I samband med konserten vart det teke opp ein kollekt til Arna Helseheim. Det kom inn omlag kr. 2.000,-. Styrrar ved Helseheimen, Else Wenche Pedersen, vil gjennom kyrkjelydsbladet takke for den store gáva som m.a. vart nytta til innkjøp av kassettar som dei eldre kan ha glede av.

Frå Kyrkjeringen Ytre Arna

Kyrkjeringen i Ytre Arna takkar alle loddkjøparar og dei som gav gevinstar til utlodninga til inntekt for kyrkjelydsbygget. Utlodninga gav ei verdfull inntekt til å kunna betale utgiftene ved huset.

Frå Seimsmark og Garnes kvinneforening for NMS.

Ved gravferda til Margith Rasmussen i Arna Kyrkje 11. januar vart det gjeve kr. 2.525 til Det Norske Misjonsselskap. Ho var den «gnisten» som gjorde at Seimsmark og Garnes misjonsforening var starta for 20 år sidan. Ho var trugen med i foreninga så lenge ho var god til det. Gáva vart gjeven gjennom foreninga, og foreninga vil på denne måten takka for det og ynskjer fred over minnet hennar.

ARNA KYRKJE

27. febr.: Orgelkonsert kl.19.00. Organist Vidar Vikøren spiller verker av Couperin, Bach, Brahms, Vierne og Cesar Franck. Det blir liturgisk avslutning.

20. mars: Konsert kl.19.30. Arna kyrkjekor m/forsterkning, stryke-re, Bjørg Schieve, Vidar Vikøren m.fl. På programmet står bl.a. Magnificat av Dietrich Buxtehude.

YTRE ARNA KYRKJE

20. mars: Musikkandakt kl. 18.00. Kirkevoll barnekor og kora i Ytre Arna kyrkje.

Bibelveke i Arna bedehus 1.-6.mars

Evangelist A. Helseth-Syrseth er med som talar. Han vil bruke Ef. 1.kap. som utgangspunkt for bibeltimane.

Me vil oppmoda alle som kan å slutta opp om møtene. Ta bibelen med. Møta tek til mand. - fred. kl.19.30, lørd. og sønd. kl.19.00.

Indre Arna Indremisjon

MØTE:

Arna bedehus:

27/2: Møte for Bibelskolen kl.19.00
1.-6/3: Bibelveke v/A.Helseth-Dyrseth,

mand.-fred.kl.19.30, lørd.
og sønd. kl.19.00.

17/3: pensjonistsamvær kl.17.00

Haugland bedehus:

11/3: Basar for bedehuset

«Fredheim», kl.19.00

13/3: Misjonssambandet møte kl.11.00.

KYRKJELYDSVEKE I ARNA

TEMA: FELLESSKAPET

Husmøte i heile Arna kyrkjelyd

Den vanlegaste måten å samlast på i kyrkjelyden er framleis til store forsamlingar.

Mange drar heim etter gudstenestene og andre samlingar både einsame og skuffa. Varmen, nærleiken og kontakten mellom oss er så ofte liten.

Tirsdag 8. mars innbyd vi alle i kyrkjelyden til husmøte. Kanskje dette må til for at vi skal oppleva at vi høyrer saman. Ein del personar i Arna har vore så greie å opna heimane denne kvelden.

Tema for møta er «Det kristen fellesskapet». På kvart møte vil det bli ein leiar. Vedkomande har tenkt igjennom emnet på førehand og vil leia møtet. Torsdag, 10. mars avsluttar vi emnet med ei storsamling i Arna kyrkje.

Finn ei adresse som passar, i lista nedafor. Møt berre opp tirsdag, den 8., klokka 19.30. Du er venta!

UNNELAND

Ruth Dyrøy, Unneland, 5233 Haukeland

HAUKELAND

Gullborg og Jakob Tufteland, Hageveien 15, 5233 Haukeland

ESPELAND

Ingrid og Kåre Hope, 5230 Espeland

Martha Løtveit, Stephansensvei, 5230 Espeland

TUNGELAND

Solveig og Knut Mæstad, 5233 Haukeland

MJELDHEIM

Gudrunn Elisa Mjeldheim, 5260 Indre Arna

ARNATVEIT

Konstanse Hjelle, Arnatveit, 5260 Indre Arna

HØLBEKKEN

Asbjørn Padøy, Hølbekken, 5260 Indre Arna

EIKHAUGEN

Erling og Inger Marie Osland, Eikhaugen, 5260 Indre Arna

STØLSVEGEN

Berit og Ingmar Ljones, Stølsveien 95, 5260 Indre Arna

GARNES

Esther Stavenes, 5234 Garnes

SEIMSMARK

Björg Hellesøy og Erna Halvorsen, 5234 Garnes

GARNES

Victor Abildgård, Leiren, 5234 Garnes

KJELÅNÆ

Bjarne Andreassen, Kjelånæ 35, 5234 Garnes

TUNES

Magus Stokke (Leidulf Almenningen), 5234 Garnes

ROMSLO

Haldor Romslo, Romslo, 5234 Garnes

TRENGEREID

Vidar Grindheim, Trengereid
Leif Konglevoll, Trengereid

blir du med?

kyrkjelyden samlast

08.03 kl 19.30
husmøter

09.03 kl 19.30 | ARNA KYRKJE
fastegudsteneste

10.03 kl 19.30 | ARNA KYRKJE
„kyrkjelyden
„Kristent fellesskap“ v. Øyvind Øy

12.03 kl 19.30 | ARNA KYRKJE
ungdomskveld

13.03 kl 11.00 | ARNA KYRKJE
gudsteneste

kyrkjelyden syng

MED RUNE LARSEN

13.03 kl 17.00 | ARNA KYRKJE



Mannen sa til psykiateren:

– I går kom kona mi heim med 200 kg stålull.

– Nåja, det er vel ikkje noko gale ved det...

– Ikkje det?? Vel, i dag byrja ho å strikka komfyr!

Familierådgivning i Bergen

Det finnes to kirkelige familierådgivningskontorer i Bergen, Kirkens Familierådgivning Biskopshavn og Bjørgvin Bispedømmeråds Familierådgivningskontor.

I kontorets retningslinjer heter det bl.a.: «Virksomheten bygger på kristne verdinormer med respekt for individet og dets integritet og tar sikte på å hjelpe klientene ut fra deres egne forutsetninger – uansett sosial status, livsførsel, religiøs tro eller politisk oppfatning».

Ektepar, hele familier, separerte og fraskilte, eller andre som er i en vanskelig livssituasjon, kan søke kontorene for opplysning, veiledning og mer omfattende hjelp. Ingen problemer er for små dersom de føles vanskelige.

Det blir hvert år registrert en økning i antall personer som søker hjelp ved Familierådgivningskontorene.

Kontorene har tilknyttet gynekolog, lege, psykiater, psykolog, sosisonom, prest og jurist som arbeider i team.

De som arbeider ved kontorene har taushetsplikt. All hjelp som ytes er gratis.

Adresser:

Bjørgvin Bispedømmeråds
Familierådgivningskontor,
Øvregaten 25, 3 etasje
Telefon 31 05 42 – 31 06 83

Kirkens Familierådgivning,
Biskopshavn
Biskopshavn kirke,
5000 Bergen
Tlf. 25 53 30
Kontortid kl. 09.00-14.00.
Ettermiddag etter avtale.

Familieside

DØYPTE:

Arna sokn

1/1: Ingrid Ulveseter, Harriet Cecilie Strømmen, Kent-Rune Vik

23/1: Bjarne Pedersen

30/1: Nina Mathiesen, Monica Larsen, Ragnhild Flatebø, Mari Brattli, Beate Christensen Lillefosse, Robert Hagebø Mjelde, Axel Haga.

Ytre Arna sokn

23/1: Arild Halland, døpt i Arna kyrkje, Connie Gustavsen, døypt i Sandvikskirken

30/1: Håvard Blindheim, Helge Leine

6/2: Mariann Stamneshagen

VIGDE

Arna sokn

15/1: Jan Norris Hatlen og Kjerstin Hansen

DØDE:

26/12-82: Martin Olsnes f.1910

4/1-83: Margith Rasmussen f. 1895

5/1-83: Ola O. Borge f.1900

18/1-83: Johan Rolf Garnes f.1921

21/1-83: Berglijot Helle f.1922

Ytre Arna sokn

20/1: Bodil Titlestad, f.1945

24/1: Johanne Lovise Rolland, f.1891

Ofringane i kyrkjelydane

ARNA

9/1: Prostrådet kr. 641,-

16/1: Kyrkjelydsarb. kr. 1.085,-

23/1: Bjørgvin Stiftss. kr. 1.455,-

30/1: Bibelselskapet kr. 3.336,-

YTRE ARNA

9/1: Dr. Mauds Minne kr. 369,-

16/1: Kyrkjelydsarb. kr. 561,-

30/1: Bibelselskapet kr. 1.549,-

Innkome til høyre-anlegg i kyrkja: kr. 2.055,-

Vi minner om at gåver til høyre-anlegget kan betalast inn over bankkonto 3633.51.16954 med adresse: Ytre Arna sokneråd, høyre-anlegg.



KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Harald Sundsbø.

Forretningsførar: Bjørg Hellesey.

Bladpengar: kr. 25,-

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Presten
har
ordet



ØYVIND ØY

Forvirring i gudstenesta

Vi har fått ein del reaksjonar frå folk som er forvirra på grunn av nye salmar og nye melodiar til liturgien. Dette nye stoffet heng saman med at vi er inne i ei tid då både ordninga for dei kyrkjelege handlingane og salmeboka er under omarbeiding. Vi har bak oss omlag 60 år utan endringar, og difor merkast det når vi får nye ordningar i gudstenesta. Vi kjenner stundom på forvirring vi som har ansvaret for gudstenestene og. Vi trur likevel at det er gode grunnar

for å arbeide med den nye liturgien og finne fram til nye salmar.

Stadig vert det skrive salmar som naturleg bør få sin plass i gudstenesta. Vi ser alt at fleire av dei nye salmane har vorte kjende og kjære for mange. Det er med og fornyar gudstenesta vår. Når vi arbeider med å lære fleire melodiar til ein del ledd i gudstenesta, er det og for å gjera gudstenesta rikare og meir meiningsfylt. Vekslinga av melodiane fyl dei ulike tidene i kyrkjeåret.

Dersom dette arbeidet skal lykkast, er det viktig at vi som har ansvar for gudstenestene har førebudd det på ein god måte. Men vi er og avhengige av kyrkjelydar som er innstilte på å vera med å arbeide seg inn det nye stoffet. Vi vil prøve å ordne slik at det ikkje vert for mykje nytt i kvar gudstenesta, og at vi kan ta oss tid i gudstenesta til å lære det som er nytt.

Ein del vil nok framleis verte litt forvirra når dei kjem til kyrkje, men vi har gode kyrkjelydar i Arna som kan vere med å gjere det nye stoffet til ein rikdom i gudstenesta.

Framhald fra s. 3 Bruk fastebøssene

til deg om å vera med i dette arbeidet.

Difor: bruk fastebøssene som er lagt ved kyrkjelydsbladet. Ved påske - helst innan 20. april - kan desse bøssene leverast ved alle gudstenester i kyrkjene, på kyrkje-kontora og elles desse stadene:

Vestlandsbanken, Espeland, Indre Arna og Ytre Arna

Sparebanken Vest, Indre Arna og Ytre Arna

Smått og Stort, Arnatveit

Espeland Gartneri

K.Thunestvedt, Haukeland

Kyrkje- nytt i ARNA



KYRKJELYDSVEKE: Ein komite oppnemnt av soknerådet har arbeidd med kyrkjelydsveka. I år vert programmet lagt om noko. I staden for berre møter i kyrkja, vert det m.a. husmøter, bibeltime og avslutning med «Heile kyrkjelyden syng» der Kim, Line og Rune Larsen vert med. Vi viser til program annan stad i bladet.

DÅPSSAKRESTIET: Nye møblar er no kjøpt inn slik at rommet verkar meir innbydande. Litt står enno att, men om ikkje så lenge vil også bord, teppe på golvet o.l. vera på plass.

SALMER 1973. Soknerådet har gjort vedtak om å kjøpa inn fleire av desse salmebøkene. Til vanlege gudstenester er det for få i kyrkja.

ÅRSMELDINGANE. Eit omfattande arbeid vert drive i kyrkjelyden. Det vart ikkje minst soknerådet merksam på då dei samla representantar frå alle nemndene og utvala tilknytta soknerådet og drøfta årsmeldingane for 1982. Her kan me berre nemna dei som la fram årsmelding:

Søndagsskulen i Borgstova, Ten Sing, Unge Vaksne, fritidsklubben for funksjonshemma, ungdomsrådet, dagheimen, Kyrkjelydsbladet, diakonutvalet, givartenesta, kyrkjelydstreffet, kyrkjelydshuset: Husnemnda, økonominemnd, nemnda for Takvam kapell, nemnda for Trengereid Bedehuskapell, nemnda for gudstenestene på Hau-

keland, kyrkjelydsskulen.

KYRKJELYDSTREFF. Sondag 31.1. var det kyrkjelydstreff i Arna bedehus. På programmet stod «Lyrikkkveld» og Margit Hollekve, Trygve Helge Kleppstø og Kjetil Kversøy stod for programmet. Forsamlinga var også med på å laga «lyrikk», og det vart sjølvstilt framført.

Ein fin og vellukka kveld!

ÅRSFESTEN. Sondag 31.1. var det årsmøte i kyrkjelyden. Soknerådet la fram årsmelding for 1982 og elles medverka Ytre Arna kyrkjeskor. Siri Brunvoll leia oss i å synge nye salmar og kyrkjeringen hadde trekning i utlodninga til inntekt for Kyrkjelydshuset. Mange fine gevinstar hadde dei! Det kom I årsmeldingane var det nemnt ei rekkje saker soknerådet har arbeidd med. Det kom til uttrykk glede over arbeidet på fleire felt: Kora i kyrkja vart spesielt nemnt der. Likeeins dei lønsmidlane kyrkjelyden har fått til kontorhjelpe og kyrkjelydsarbeid dette året

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossagt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

EPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN



AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP AIS

Ytre Arna — telefon 24 11 88

Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

EPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.



Aut. bilverksted
Aut. dekkforhandler

GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!

GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad

5260 Indre Arna

Tlf. 24 07 40



Velkommen til kyrkje



20 FEBRUAR

Arna kl. 11.00: Familiegudstjeneste v/res.kap. Sundsbø. Arna Kyrkjekor. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Offer til Det norske misjonsselskap.

Arna kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste.

Ytre Arna kl. 11.00: Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Borna sin misjonsdag. Yngste Røster. Offer til Det norske misjonsselskap. Kyrkjekaffi.

Haukeland kl. 16.30: Res.kap. Sundsbø.

23. FEBRUAR

Ytre Arna kl. 19.00: Fastegudsteneste v/sokneprest Øy. Nattverd.

27. FEBRUAR

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Offer til Modum Bad Nervesanatorium. Kyrkjekaffi.

Arna kl. 19.00: Musikkandakt.

Ytre Arna kl. 11.00: Stiftskap. Ivar Molde. Nattverd. Offer til Norges kr. ungdomsforb.

2. MARS

Ytre Arna kl. 19.00: Fastegudsteneste v/res.kap. Sundsbø.

6. MARS

Arna kl. 11.00: Prost Konrad Stormark. Nattverd. Offer til Kirkens SOS.

Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Offer til Misjon bak jernteppet.

9. MARS

Arna kl. 19.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

Takvam kl. 19.00: Sokneprest Øy. Nattverd.

13. MARS

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarb. Sundagsskule.

Arna kl. 19.00: Heile kyrkjelyden syng.

Trengereid kl. 11.00: Sokneprest Øy.

16. MARS

Arna kl. 19.00: Sokneprest Øy. Nattverd.

Romslo kl. 19.30: Res.kap. Sundsbø.

20. MARS

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Borna sin misjonsdag. Offer til Santalmisjonen. Kyrkjekaffi.

Arna kl. 19.30: Kyrkjekonsert.

Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Santalmisjonen. Kyrkjekaffi.

Ytre Arna kl. 18.00: Musikkandakt. Kirkvoll Barnekor og kora i Ytre Arna kyrkje.

Unneland kl. 16.30: Sokneprest Øy.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, Peter Jebbensv. 39:

Tlf. 24 23 03.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30

Frist for innsending av stoff til nr. 3, 1. mars